
Fra: Anne Lise Molvik
Sendt: onsdag 14. august 2019 14:29
Til: 'kare@romarheim.no'
Kopi: Arne Helgesen; Rune Kilen; Atle Dingen; Siril Therese Sylta
Emne: Svar på førespurnad som gjeld ferdigattest for bustad nr. 1 på gbnr 195/235

Til Kåre Romarheim

Eg viser til samtale per telefon 9. august vedkomande ferdigattest for bustad nr 1 på gbnr 195/235.

I samsvar med byggjeløyve som er gitt i vedtak datert 04.07.2018 skal følgjande liggja føre før det vert gitt ferdigattest for bustaden:

1. Godkjent ferdigmelding for tilkopling til offentleg VA anlegg.
2. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal vera oppfylt.
3. Faktisk plassering av tiltaket må vera målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Rekkefølgjekrava følgjer av føresegn 1.3.2. Det følgjer av rekkefølgjekrava at endeleg ferdigstilling av asfaltert toppdekke kan avklarast i ein utbyggingsavtale.

I tillegg må det vera gitt mellombels bruksløyve eller ferdigattest i sak 18/2886 som gjeld etablering av veg og anlegg for vatn og avløp innanfor det regulerte området. Ferdigsynfaring i forhold til opparbeidde kommunaltekniske anlegg må du avtala direkte med eining for teknisk drift ved Arne Helgesen (VA) og Rune Kilen (veg).

Med helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar på byggjesak

E-post: anne.lise.molvik@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 56 40
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no

